



Olav Magnus Steinsland
Grønfjellet 3
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13253 - 20/75507

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
26.11.2020

Ferdigattest for bruksendring av kjelleretasje - gbnr 108/134 Lindås

Administrativt vedtak:
Tiltakshavar: Olav Magnus Steinsland
Ansvarleg søkjar: Olav Magnus Steinsland
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

Saknr: 1280/20

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bruksendring av kjelleretasje ved samanslåing av tilleggsdel til hovuddel på gbnr 108/134.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.08.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Skildring

| | |
|-----------------|---|
| Adresse: | Grønfjellet 3 |
| Bygningstiltak: | Bruksendring av kjelleretasje, frå tilleggsdel til hovuddel |

| | |
|-----------------|-------------------|
| Bygningsnummer: | |
| Bruksareal: | 68 m ² |

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13253

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olav Magnus Steinsland

Grønfjellet 3

5955 LINDÅS